



## SAKLISTE

1. Opning/konstituering
2. Årsmeldingar
3. Rekneskap 2018
4. Hardangerjol si framtid
5. Arbeidsprogram 2019
6. Medlemspengar 2021
7. Budsjett 2019
8. Fråsegner
9. Drøfting av fylkessamanslåing Hordaland og Sogn og Fjordane fylker
10. Innkomne saker.
  - 10.1 Hardanger folkemusikksamling – endring av vedtekter
  - 10.2 Trygging av eiga – endring av vedtekter
11. Val til styre, nemnder (også valnemnd), og utsendingar til landsmøtet i NU.

## Timeplan for årsmøtet 2018

11.30 – 12.00		Registrering med kaffi/te og litt mat
12.00 – 12.05		Velkommen
12.05 – 12.10	Sak 1	Opning og konstituering
12.10 – 12.40	Sak 2	Årsmelding 2018
12.40 – 12.50	Sak 3	Rekneskap
12.50 – 13.30		Matpause
13.30 – 14.00	Sak 4	Hardangerjøl si framtid
14.00 – 14.05	Sak 5	Arbeidsprogram 2019
14.05 – 14.10	Sak 6	Medlemspengar 2021
14.10 – 14.20	Sak 7	Budsjett 2019
14.20 – 14.25	Sak 8	Fråsegner
14.25 – 14.50	Sak 9	Drøfting av fylkessamanslåing Hordaland og Sogn og Fjordane fylker.
	Sak 10	Innkomne saker
14.50 – 15.15	Sak 11	Val
15.15		Avslutning

### Sak 1 Opning og konstituering.

Årsmøtet godkjenner:

Innkalling.

Sakliste

Årsmøtet vel:

1 ordstyrar

1 skrivar

Teljekorps

2 protokollunderskrivarar

Redaksjonsnemnd ved behov

Årsmøtet godkjenner:

Forretningsorden

Fullmakter

## **Sak 2 Årsmeldingar.**

Årsmelding for HU for 2018 er sendt ut saman med sakspapira til deltakarane.

### Framlegg til vedtak:

Årsmøtet godkjenner årsmeldinga for HU for 2018.

## **Sak 3 Rekneskap**

Rekneskapsførar har i løpet av 2018 fått tilgang til alle HU sine konti. Det vart berre valt eitt av 2 ettersynsfolk på årsmøtet i 2018, men Halvor Røyset likevel vore villig til åleine å revidere rekneskapen for HU for 2018 og Hardangerjol for 2017. Rekneskapane er difor berre revidert av ein revisor. Rekneskap for Hordaland Ungdomslag 2018 og rekneskap for Hardangerjol 2017 vert utlevert på årsmøtet.

### Framlegg til vedtak:

- Årsmøtet godkjenner rekneskapen for Hordaland Ungdomslag 2018 og tek revisjonsmeldinga til vitande.
- Årsmøtet godkjenner rekneskapen for Hardangerjol 2017 og tek revisjonsmeldinga til vitande.

## **Sak 4 Hardangerjol si framtid**

Etter årsmøtet i 2018 har styret kome til den slutning at det er behov for å vurdera Hardangerjol si framtid.

Innspel til saka frå redaktøren:

### Ad «Hardangerjol 2018»

«Hardangerjol 2018» vart til under sær sars vanskelege tilhøve. Då eg starta arbeidet med bladet, fekk eg brått veta at tre medlemmar av bladnemnda hadde gått ut utan at nokon hadde tatt ansvar for å underretta meg. Det gjorde at eg vurderte seriøst å IKKJE satsa på noko blad for 2018. Eg tok fleire initiativ ovafor leiinga i Hordaland UL der eg gjorde merksam på stoda utan å få svar i det heile tatt! Til slutt kom Rambjørg opp med ideen om å setja ut annonseteikninga til Kleivkås i Lofoten. Anne-Marie Øydvin i Ulvik lanserte og nokre idear til innhald og skaffa dessutan eit par tekstar til bladet. Resten av stoffet har **eg** fått tak i. Eg ønskte denne gongen å kanskje prøva å gje heftet ein meir litterær vri, og fekk positiv respons frå nokre av dei skjønnlitterære

røystene frå Hardanger. I tillegg valde eg å setja fokus på andre kulturberarar frå området. Stoffet synest eg sjølv – «kledde» bladet.

Under distribusjonen fekk eg uvurderleg hjelp av Aud Marcussen og Lars Låte. Berit Lysen Tjosås i Hardanger Trykkeri er og til stor hjelp – både med layout-spørsmål og når det gjeld levering av dei ferdige hefta. Ho pakkar t.d. alt i høvelege øskjer, leveringsklare for kvar adresse. Kleivkås gjorde ein laudabel jobb med å få tak i annonsar! Elles laut eg gjera alt sjølv. Utruleg tungvint! Frå dei lesarane som har kommentert utgåva for 2018, har eg fått positive meldingar. Særleg synest folk at den litt meir litterære svipen, gjorde seg godt.

Eg har drøfta stoda med Aud Marcussen og Berit Lysen Tjosås, som begge meiner at vi bør halda fram med bladet. Etter å ha tenkt gjennom saka seier eg meg samd i det, men på følgjande vilkår:

- 1) At vi får minst eit par faste medlemmar inn i bladnemnda. Dette må vera folk som kan bidra praktisk og dedikert med å skaffa stoff!
- 2) At Kleivkås eller ein annan får alt ansvar med å teikna annonsar.
- 3) At eg får eit honorar på 15000 kr. for jobben samt dekning av mine utgifter i samband med arbeidet.
- 4) At Aud Marcussen får ei påskjøning for det ho gjer samt dekning av kjøreutgifter med eigen bil.

Til slutt vil eg emna at det hadde vore fint å få ein eller annan respons på bladet frå dykk som sit i leiinga for ungdomslaget i Hordaland.

Norheimsund, 15.03.2019

Hans Edv. Olsen

---

Lova til HU seier følgjande om ”Hardangerjol”:

**§ 8 «Hardangerjol»**

1. Styret i fylkeslaget er ansvarleg utgjevar av joleheftet Hardangerjol. Joleheftet skal vera eit ungdomslagsblad. Årsmøtet vel eit skriftstyre med leiar, fire medlemar og 1 varamedlem til. Det vert ført eige rekneskap. Førebels rekneskap for meldingsåret vert lagt fram årsmøtet, revidert rekneskap vert lagt fram for årsmøtet året etter.
2. Reservekapital/driftskapital bygd opp gjennom mange driftsår skal stå som kapital som sikrar drift av joleheftet. Eventuell overføring av driftsoverskot til fylkeslaget det

einskilde driftsåret, kan berre skje dersom reservekapital/driftskapital overstig produksjonskostnadane til joleheftet.

3. Ved eventuell nedlegging av Hardangerjol skal 50 % av eiga, etter at all gjeld er betalt, delast likt mellom ungdomslaga i ”gamle” Hardanger Ungdomslag som framleis er medlem i Noregs Ungdomslag. Resten skal gå til fylkeslaget.

Føresegner for skriftstyret til «Hardangerjol» er som følgjer:

1. Styret i Hordaland Ungdomslag er hovudansvarleg for joleheftet «Hardangerjol». Årsmøtet vel eit skriftstyre på med leiar, 4 medlemar og ein varamedlem til å stå for det praktiske arbeidet. Leiaren i skriftstyret vert innkalla til styremøte i saker som vedkjem Hardangerjol.
2. Skriftstyret skal samla stoff til «Hardangerjol», utforma bladet, skaffa lysingar, gjera avtale med trykkeri, sørgja for distribuering av bladet i samarbeid med lokallag, og sjå til at nødvendige tidsfristar for bladproduksjonen vert haldne.
3. Leiaren i skriftstyret vert vald på årsmøtet for 1 år i gongen. Medlemane i skriftstyret vert valde for 2 år om gongen, slik at 2 av dei står på val kvart år. Varamedlemen vert vald for eit år om gongen.
4. Skriftstyret har møte så ofte leiaren finn det tenleg eller når 3 av medlemane krev det. Det skal skrivast referat frå kvart møte.
5. Det vert ført eige rekneskap for joleheftet. Medlemane sine telefon- og reiseutgifter i samband med bladproduksjonen vert dekkja av driftskapitalen til joleheftet. Rekningane må attesterast av leiaren i skriftstyret.
6. Skriftstyret skal leggja fram årsmelding om drifta av joleheftet innan årsmøtet i fylkeslaget, og sørgja for at rekneskap blir ført og lagt fram for årsmøtet til førebels godkjenning.

Styret har ikkje noko framlegg til vedtak i denne saka.

## **Sak 5 Arbeidsprogram**

Framlegg til arbeidsprogram for Hordaland Ungdomslag 2019 er sendt ut i sakspapira til deltakarane. Arbeidsprogrammet har etter styret si meining eit realistisk omfang.

Framlegg til vedtak:

Årsmøtet vedtek arbeidsprogram for Hordaland Ungdomslag 2019.

## **Sak 6 Medlemspengar 2021**

Styret gjer framlegg om uendra satsar for medlemspengar.

Framlegg til vedtak:

Medlemspengar for 2021 vert sett til kr 80 for vaksne og kr 50 for born og ungdom.

## **Sak 7 Budsjett.**

Framlegg til budsjett for Hordaland Ungdomslag 2019 vert delt ut på årsmøtet.

### Framlegg til vedtak:

Årsmøtet vedtek budsjett for Hordaland Ungdomslag 2019.

## **Sak 8 Fråsegner**

Framlegg til fråsegner må vera ordstyrarane i hende innan kl. 13.00 møtedagen.

## **Sak 9 Drøfting av fylkessamanslåing Hordaland og Sogn og Fjordane fylker**

## **Sak 10 Innkomne saker**

### **Endring av HU si lov og styringsføresegner:**

#### **10.1 Hardanger folkemusikksamling**

Styret har i løpet av perioden vorte klar over HU si tilknytning til Hardanger folkemusikksamling. Ut frå gjeldande vedtekter der syner det seg at HU der har ein styrerepresentant med personleg vararepresentant. Begge desse skal veljast på HU sitt årsmøte.

Styret fremjar difor no eit forslag til endring av HU si lov og styringsføresegnene slik at dette klart går fram der og elles vert ivareteke i samsvar med vedtektene i Hardanger folkemusikksamling.

### **Styret sitt forslag til endring av §5 og §6 i HU si lov (**endringar med raud skrift**):**

Lov for Hordaland Ungdomslag  
Revidert på årsmøte i HU, 18.03.2018.

#### § 5 Årsmøtet

1. Årsmøtet skal haldast kvart år innan 25 mars. Omfram årsmøte skal haldast når årsmøtet, styret eller 1/3 av alle ungdomslaga krev det.
2. Lokallaga som hadde inntil 50 medlemmar i meldingsåret har rett til 2 utsendingar til årsmøtet. Deretter 1 utsending for kvar påbyrja 50. medlem. Ikkje noko lag kan ha meir 5 utsendingar.

3. Lokallaga som har sendt årsmelding og har betalt årspengar, har rett på utsendingar.
4. Utsendingar frå lokallaga skal veljast på årsmøtet eller eit lagsmøte.
5. Årsmøtet vel leiar, 4 faste styremedleamar og 2 varamedleamar til styret. Leiar vert valt for éitt år om gongen, og dei faste styremedlemane vert valde for 2 år. Ein skal freiste å velje 2 styremedleamar i partalsår og dei 2 andre i oddetalsår, slik at ein får overlapp. Ein skal òg velje medleamar til Barne- og ungdomsnemnda; Éin representant for Barne- og ungdomsnemnda skal samstundes vera medlem av styret. Varamedlemane vert valde for éitt år om gongen.
6. Årsmøtet vel utsendingar til årsmøtet i Noregs Ungdomslag.
7. **Årsmøtet vel éin representant med personleg vara til styret i Hardanger folkemusikksamling.**
8. Årsmøtet skal ta stode til årsmelding, revidert rekneskap, arbeidsprogram, budsjett og andre saker som styret legg fram.
9. Innkalling til årsmøtet skal sendast ut minst ein månad føreåt saman med sakliste. Saker einkvan vil ha med på saklista til årsmøte må vera styret i hende innan 1. februar.
10. Røysterrett har styret i fylkeslaget, og utsendingar frå lokallaga når dei har betalt årspengane for meldingsåret.

For val og vedtak gjeld dei same reglane som for årsmøtet i Noregs Ungdomslag.

#### § 6 Arbeidet til styret

1. Styret vel seg imellom nestleiar, skrivar og kasserar, og tilset dei tenestefolk årsmøtet har gjort vedtak om. Styret fastset løner og arbeidsvilkår for tilsette. Styret skal seg imellom fordele særlege ansvarsroller for oppfølging og rådgjeving innan arbeidsområda bunad, leik (folkedans, folkemusikk) og teater. Styret skal seg imellom utnemne 1 representant for fylkeslaget i rådet for Hardingfela.no. **og 2 medlemmar til styret i Hardanger folkemusikksamling.**
2. Styret leier arbeidet i fylkeslaget. Det har òg ansvar for arbeidet i valnemnd barne- og ungdomsnemnda, og kan oppnemne andre nemnder og arbeidsgrupper etter behov.

### **Styret sitt forslag til endring av punkt 3 i HU sine styringsføresegner for styret (endringar med raud skrift):**

Styringsføresegner for styret

Revidert på årsmøte i HU, 18.03.2018

1. Hordaland Ungdomslag er fylkeslag i Noregs Ungdomslag. Laget eig luter i desse samskipnadene:
  - Det Norske Teateret
  - Norsk Bokreiingslag
  - Hordaland Teater
  - Dag og Tid

Og er dessutan med i desse organisasjonane:

- Det Norske Teateret
- SN-sambandet vestlandsavdelinga
- Venner av det Norske Teateret
- Norske 4H

- Hardanger Folkemusikklag
- Folkeakademiet Hordaland
- Voksenopplæringsforbundet i Hordaland
- Norsk amatørteaterråd sitt fylkesråd
- UngVest

Årsmøte kan melda fylkeslaget ut av desse samskipnadene med vanleg fleirtal, og inn i andre med vanleg fleirtal. Innmeldinga må godkjennast av styret i Noregs Ungdomslag.

2. Styret i fylkeslaget tek opp nye lag og godkjenner lover og lovendingar. Når styret har teke opp eit lag som medlem, pliktar laget i betala dei årspengane til Hordaland Ungdomslag og Noregs Ungdomslag som årsmøtet i samskipnaden har fastsett. Dersom eit lag ikkje har sendt årsmelding og årspengar på 3 år, skal dei ikkje takast med i medlemslista. Styret i fylkeslaget avgjer kva som skal gjerast med eiga til laget i samsvar med lov for Hordaland ungdomslag §7, punkt 2.
3. For å ivareta interessene til barn og unge under 26 år i fylkeslaget, skal årsmøtet velje ei Barne- og ungdomsnemnd. Nemnda skal ha éin leiar, to medlemar og eitt varamedlem. Årsmøtet vel leiar i nemnda og valet gjeld for 1 år om gongen. Dei to andre medlemane i nemnda vert valde for 2 år om gongen, der den eine vert valt i oddetalsår og den andre i partalsår. Varamedlemet vert valt for eitt år om gongen. Ein representant frå Barne- og ungdomsnemnda er samstundes medlem av styret. Alle medlemane i nemnda skal vera under 26 år. For 2 år om gongen vel årsmøtet 2 ettersynsfolk. Éin på val kvart år. HU skal ha ei valnemnd på 2 medlemar og leiar. Kvart partalsår vel årsmøtet to medlemar i valnemnda for to år, og kvart oddetalsår vel årsmøtet éin medlem for to år. Desse skal så langt det let seg gjera vera frå forskjellige krinsar. For å få denne ordninga i gong, vart det i 2018 valt 3 medlemar, to for to år og éin leiar for eitt år. Kvart påføljande år vert det vald ein person som skal vera leiar for valnemnda av dei som har sete lengst i nemnda.
  - Medlemane i valnemnda skal vera frå 3 av krinsane (Sunnhordland, Indre Hardanger, Hardanger/Midthordland, Bjørgvin, Nordhordland og Voss). Verva i valnemnda skal rullerast mellom krinsane slik at alle krinsane vert representert i løpet av 3 år.

Årsmøtet skal velja møtestyrar, møteskrivar, teljekorps og 2 til å skriva under årsmøteprotokollen. Likeins skal det veljast utsendingar med varamedlemar til årsmøte i Noregs Ungdomslag. **Årsmøtet vel éin representant med personleg vara til styret i Hardanger folkemusikksamling.**

### Framlegg til vedtak:

Årsmøtet vedtek styret sitt forslag til endringar i HU si lov og styringsføresegner.

## **10.2 Trygging av eiga til laget**

Mønsterlovene og lova for Noregs ungdomslag vart endra på eit landsmøte for ei god stund tilbake, men me vart merksame på at desse endringane ikkje er blitt



implementert i lova for fylkesslaget, og at vår paragraf vedrørende trygging av eiga ikkje stod i samsvar med den overordna lova til NU. I konsultasjon med NU er det føreslått å endre punkt 1 og 2 i §7 i Lov for Hordaland ungdomslag.

## Styret sitt forslag til endring (**endringar med raud skrift**):

### § 7 Trygging av eiga

- ~~1. Dersom Hordaland Ungdomslag vert lagd ned eller endrar føremål så det ikkje lengre kan stå i Noregs Ungdomslag, skal styret i Noregs Ungdomslag ta vare på eiga til fylkeslaget. Går det 15 år frå eiga er overteken og fylkeslaget ikkje er komen i gang att, eller det ikkje er skipa nytt godkjend fylkeslag, går eiga til Noregs Ungdomslag.~~

*Nytt forslag:*

Blir fylkeslaget lagt ned, skal styret i Noregs Ungdomslag sørge for at eventuell formue blir nytta til å slette gjeld. Eventuell restformue etter dette skal bli nytta til beste for lokallaga som er tilknytt fylkeslaget. Om styret ikkje gjennomfører oppløysing av laget innan 6 månader etter nedlegging, skal Noregs Ungdomslag gjennomføre oppløysinga. Enkeltmedlemar i fylkeslaget eller lokallaga har ikkje krav på medel eller delar av desse.

- ~~2. Hordaland Ungdomslag skal ta vare på eiga til lokallaga som vert lagde ned eller skiftar føremål så dei ikkje lengre kan vera med i fylkeslaget. Dersom laget ikkje komen i gang att innan 15 år, eller det ikkje er skipa nytt godkjend lag på staden, skal eiga nyttast på den måten som er fastsett i lova til laget. Dersom lagslova ikkje seier noko om dette, skal eiga nyttast til beste for ungdomsarbeidet på staden. Fylkeslaget tek avgjerd om måten eiga skal nyttast på i samråd med lokale styresmakter.~~

*Nytt forslag:*

Blir eit lokallag lagt ned, skal styret i Noregs Ungdomslag sørge for at eventuell formue blir nytta til å slette gjeld. Ev. restformue etter dette skal bli nytta til beste for ungdoms- og kulturarbeid på staden. Om laget ikkje gjennomfører oppløysing av laget innan 6 månader etter nedlegging, skal Noregs Ungdomslag gjennomføre oppløysinga. Medlemar i lokallag har ikkje krav på medel eller delar av desse.

3. Lova til Noregs Ungdomslag gjeld når ein skal avgjerda om eit lag er lagd ned eller har skifta føremål.
4. Kostnadane med styringa av eiga skal berast av eiga.
5. Ungdomshus, anna fast lagseige og lutar i fast eigedom kan ikkje avhendast utan samtykke frå styret i Noregs Ungdomslag. Det same gjeld bortleige på åremål av ungdomshus og anna fast lagseige.

### Framlegg til vedtak:

Årsmøtet vedtek styret sitt forslag til endringar i §7 i lov for Hordaland ungdomslag.

## **Sak 11 Val til styre, nemnder, (også valnemnd) og utsendingar til landsmøtet i NU**

Innstilling frå valnemnda/styret vert delt ut på årsmøtet.

I tillegg vert det lagt inn følgjande dokument i sakspapirutgåva:

- Årsmelding 2018
- Arbeidsprogram 2019
- Rekneskap 2018
- Budsjett 2019
- Revisjonsmelding
- Innstilling til tillitsvalte frå styret



## Årsmelding 2018 frå styret.

*Desse sat i styret før årsmøtet i 2018:*

Leiar:	Øystein Rambjørg, Strilaringen.
Nestleiar:	Vakant, (Lisbet T. Liland, Fana UL, 1. vara rykka opp).
Skrivar:	Irene Bjørke, Bergen UL Ervingen.
Medlem:	Vakant (Leiknemnda).
Medlem:	Oddrun E. Larsen, Strilaringen (Bunadnemnda).
Medlem:	Hilde Jordahl, Åsane UL (Teaternemnda).
Medlem:	Vakant (Barne- og ungdomsnemnda).
Medlem:	Hans Edv. R. Olsen (Hardangerjol).
1.vara:	Lisbeth T. Liland, Fana UL.
2.vara:	Vakant.
3.vara:	Vakant.

*Desse sat i styret etter årsmøtet 18. mars 2018:*

Leiar:	Øystein Rambjørg, Strilaringen.
Nestleiar:	Lisbet T. Liland, Fana UL.
Skrivar:	Irene Bjørke, Bergen UL Ervingen (Folkedansarbeidet).
Medlem:	Oddrun E. Larsen, Strilaringen (Bunadsarbeidet).
Medlem:	Hilde Jordahl, Åsane UL (Teaterarbeidet).
Medlem:	Vakant (Barne- og ungdomsnemnda).
Medlem:	Hans Edv. R. Olsen (Hardangerjol).
1.vara:	Malin R. Jørgenvik, Lindås UL.
2.vara:	Vakant.

*Årsmøtet 2018* blei halde i Åsatun, Åsane Ungdomslag sitt flotte ungdomshus 17. mars. 5 lag og 8 utsendingar møtte. Rekneskapsførar Annbjørg Fadnes Kyrkjebø og dagleg leiar i UngVest, Thomas Kristiansen deltok også.

Ny styrestruktur i HU: Dei siste åra har det vore særst vanskeleg å få tillitsvalde til styre og nemnder. Styret av 2017 valde då å arbeida fram ny struktur for leiing av HU. Dei fleste nemndene vart nedlagt, men styremedlemane fekk ansvar for kvar sitt fagområde. Barne- og ungdomsnemnda og Skriftsstyret for Hardangerjøl vart vidareførte. Dette vart vedteke på årsmøte i 2018.

I 2018 har det ikkje vore halde tillitsmannsmøte.

#### *Informasjon:*

Det er i 2018 ikkje sendt ut infoskriv. Styret har prioritert å halde drifta i laget oppe, samt at det i byrjinga av året og har vore nokre tekniske problem med lagets e-postløyising. Dette har ein no funne ei løysing på, og det er elles ønskjeleg å få infoskriva oftare ut til lokallaga.

Den nye nettsida som vart sett i drift i 2017 har fungert greit.

#### *Arrangement:*

Med styret i HU som arrangør blei det avvikla fylkesstemne for born 15. - 17. juni 2018 på Dyrkolbotn fjellstove og leirskule i Lindås kommune. 2. - 4. november skipa HU til kurs med tema "Kvinnehuer" i Samnanger.

#### *Tilsette på kontoret:*

Hordaland ungdomslag har i 2018 hatt ekstern hjelp til rekneskapsføring.

#### *Hardangerjøl:*

Leiar av skriftstyret, Hans Edv. Rolle Olsen, held til i Norheimsund. Her blei også Hardangerjøl 2018, nr. 68 i rekkja, trykt.

#### *Medlemar og lokallag:*

Hordaland ungdomslag har ved utgangen av 2018 ved teljedato 5/3-19 til saman 43 aktive lokallag og ca. 10 inaktive lag. Ved utgangen av 2018 var det ved same teljedato registrert 778 medlemmar under 26 år og 1 118 medlemmar over 26 år. Totalt 1 896 medlemmar.

Tala for 2017 var 828 (954 per teljedato 5/3-19) ungdomsmedlemmar og 1 429 (1 491 per teljedato 5/3-19) vaksne medlemmar. Til saman 2 257 (2 445 per teljedato 5/3-19) medlemmar. Dette er ein reduksjon på 549.

Sjølv om ein her ser ein relativt stor tilbakegang, så skuldast nok dette at det i dei siste åra er fleire lokallag som har meldt seg ut av NU/HU. Til tross for dette så syner dette at mange lokallag likevel gjer ein flott jobb, og me vil arbeida vidare med å motivere lokallaga til å fortsetje å vere medlemmar i NU/HU og til å melda inn alle sine medlemmar.

### *Representasjon:*

#### Øystein:

Rådsmøte i hardingfela.no på Voss.

Årsmøte HBUR/UngVest den 18/1.

Landsmøte NU.

Fylkesstemne for born i Dyrkolbotn.

Landsrådsmøte NU i Oslo.

1 urpremierforestilling; "Kapital" på Hordaland Teater.

Årsmøte Studieforbundet kultur og tradisjon Hordaland.

"Frivillighetsfestivalen" til Ung Vest på Scandic Hotell på Flesland den 29/9.

Vara-styremedlem/styremedlem i HBUR/UngVest; deltaking på fleire styremøter.

#### Irene:

Informasjonsmøte på Kvinnherad vidaregåande skule vedrørande Bygda dansarprosjektet den 14/8-18 saman med Magni Rosvold frå Folkedans i Hordaland.

HU sin representant i rådet i hardingfela.no.

#### Oddrun:

Landsmøte NU.

Fylkesstemne for born i Dyrkolbotn.

Bunadskurs i Samnanger.

Årsmøte Studieforbundet kultur og tradisjon Hordaland.

1 urpremierforestilling; "Kapital" på Hordaland Teater.

Styremøte i Studieforbundet kultur og tradisjon Hordaland.

#### Hilde:

Årsmøte Hordaland Teater.

Landsmøte NU.

Fylkesstemne for born i Dyrkolbotn.

1 urpremierforestilling; "Oppdrag Mottro" på Hordaland Teater.

Årsmøte Det Norske Teater.

#### Lisbeth:

Årsmøte HBUR/UngVest den 18/1.

1 urpremierforestilling; "Heim 1" på Hordaland Teater den 16/2.

Fylkesstemne for born i Dyrkolbotn.

"Frivillighetsfestivalen" til Ung Vest på Scandic Hotell på Flesland den 29/9.

1 urpremierforestilling; "Andvake" på Hordaland Teater den 27/5.

#### Malin R. Jørgenvik:

Landsmøte i NU.

### *Æresmedlemar:*

Hordaland ungdomslag har i dag eitt æresmedlem. Dette er Aslaug Kvilekval Breivik, som ble utnemnt som æresmedlem i 1973, på 75-års jubileet for HU.

Olga Breivik gjekk bort i november 2018 etter å ha vore æresmedlem sidan ho vart utnemnt til dette på 100-årsjubileet til HU i 1998. HU var representert i gravferda og la ned krans i NU-fargar.

## **Folkedansarbeidet i 2018**

Leiknemnda vart etter årsmøtet i 2018 avvikla og ansvaret for folkedansarbeidet vart tillagt eit av styremedlemane. Det har ikkje vore noko særleg stor aktivitet innan folkedansarbeidet dette året, men HU har støtta og vore involvert i fleire arrangement og kurs innafor folkedans og folkemusikk.

HU er og ein av samarbeidspartnarane til Hordaland folkemusikklag, Ole Bull Akademiet og hardingfela.no sin søknad til mellom anna Hordaland fylkeskommune om å få støtte til å setje i gang med prosjektet ”Bygda dansar” i Hordaland. Dei har søkt om og fått tilsagn om midlar til dette 3-årige prosjektet, som startar opp hausten 2019.

Hordaland Ungdomslag har i 2018 samarbeidd med hardingfela.no og Hordaland folkemusikklag, og har i den samanheng støtta deira, Ung Osa på Voss og andre si satsing på folkedans i fylket.

Hardingfela.no er eit samarbeidsprosjekt mellom Ole Bull akademiet og Hardanger og Voss museum for å styrka og vidareføra tradisjonane knytt til hardingfela.

### **Fylkestemna for born:**

Då det i 2018 ikkje var nokon av lokallaga som hadde høve til å arrangere Fylkestemna for born, tok styret i HU på seg det ansvaret.

Fylkestemna vart halde den 15. – 17. juni på Dyrkolbotn fjellstove og leirskule i Dyrkolbotn i Lindås kommune. Det var særleg gledeleg at 30 born og 17 vaksne frå Bergen, Lindås, Nordbygda i Samnanger og Fjærland i Sogn og Fjordane tok turen til årets barnestemne i Dyrkolbotn. Ida Marie Rognsvåg og Ottar Netteland delte på å vere musikarar for oss denne helga. Det var også 4 frå styret tilstades heile tida.

Fylkestemna er vanlegvis eit ganske omfattande arrangement å gjennomføre, derfor valde styret ei anna løysing enn tidlegare og kontakta leirskulen som tok vel imot oss.

Arrangementet vart sær s vellukka og borna hadde ei triveleg helg og fleire venskapsband vart knytte på tvers av lag og fylkesgrenser. Midlane som normalt går til tilskiparlaget gjekk i år til å løna leirskulen sine egne aktivitetslærarar. Dyrkolbotn fjellstove og leirskule var ein framifrå stad å ha stemne.

## **Bunadsarbeidet i 2018**

*Desse sat i bunadnemnda før årsmøtet 2018*

Leiar: Oddrun E. Larsen  
Medlem: Hanne Yndestad Aadland  
Medlem: Linda Rongved Brunsvik  
Vara: Agnete Sivertsen

Bunadsnemnda vart etter årsmøtet i 2018 avvikla og ansvaret for bunadsarbeidet vart tillagt eit av styremedlemene. Bunadskontakten har hatt kontakt via e-post, SMS og telefon med ressurspersonar innan bunadsfaget. Facebook-gruppa der ein held kursdeltakarar innan bunadsfaget fagleg oppdatert er oppretthalde.

### **Bunadsaker ein har jobba med dette året er bunadkurs:**

2. – 4. november skipa HU til kurs med tema ”Kvinnehuer”. Dette vart eit studie og rekonstruksjonskurs av Blåhuer på Vestlandet.

Linda Rongved Brunsvik hadde med nokre eksempel frå Fana og Os/Samnanger, oppsydd av Husfliden i Bergen. Gamle bilete/skrifter syner at dei fleste område langs kysten hadde svarte- eller blåhuer. Med underteikna var det 9 kursdeltakarar.

### **Adresser:**

Eit vedvarande arbeid er oppdatering av adresseregister for utsending av informasjon om kurs og turar frå bunadsnemnda. Me oppmodar laga til å oppnemna kontaktpersonar med e-postadresser, så informasjonen kan spreiest betre mellom medlemene.

Informasjon i 2018 har for det meste vorten sendt ut på e-post til enkeltpersonar og lokallag me har e-post adresser til.

### **Bunadkontakten har i 2018 delteke på:**

Årsmøte HU frå sitt lokallag – Strilaringen.

Bunadskurs i Samnanger i samarbeid med ressurspersonane Hanne Yndestad Aadland og Linda Rongved Brunsvik.

17/4: Årsmøte i Årsmøte Studieforbundet kultur og tradisjon Hordaland. Her overtok Oddrun E. Larsen representasjonsvervet i styret etter Hanne Yndestad Aadland.

7/11: Styremøte i Studieforbundet kultur og tradisjon Hordaland.

## **Teaterarbeidet i 2018**

*Desse sat i teaternemnda før årsmøtet i 2018*

Leiar	Hilde Jordal, Åsane UL.
Medlem	Vakant.
Medlem	Malin Risnes Jørgenvik, Lindås UL.
Varamedlem	Vakant.

Teaternemnda vart etter årsmøtet i 2018 avvikla og ansvaret for teaterarbeidet vart tillagt eit av styremedlemane. Den teateransvarlege i styret deltok på landsmøtet i NU og årsmøtet i Hordaland Teater og Det Norske Teatret (der HU har lutar i begge).

HU hadde planar om å arrangere eit teaterkurs i løpet av året, men dette vart grunna kollisjon med NU sine tilsvarande arrangement ikkje gjennomført. Den teateransvarlege var mellom anna delaktig som instruktør/tilretteleggjar i fleire av kursa/aktivitetane på Fylkesstemna for born 2018, og gjorde der ein framifrå innsats som deltakarane og dei andre i styret sette stor pris på.

HU har fått tilbod om gratisbilletter til fleire av Hordaland Teater sine urpremierforestillinger, og fleire av styremedlemane har nytta seg av desse. Elles har det ikkje vore annan aktivitet innan teaterarbeidet i HU.

## **Årsmelding Barne- og ungdomsnemnda 2018**

*Desse sat i Barne- og ungdomsnemnda før årsmøtet 2018*

Leiar:	Vakant.
Medlem:	Karoline Liland, Bergen UL Ervingen
Medlem:	Maria Margreta Nordås, Bergen UL Ervingen
Varamedlem:	Vakant.

*Desse sat i Barne- og ungdomsnemnda etter årsmøtet 2018*

Leiar:	Vakant.
Medlem:	Ida Haugen Skulstad, Nordbygda UL
Medlem:	Maria Margreta Nordås, Bergen UL Ervingen
Varamedlem:	Malin R. Jørgenvik, Lindås UL

Det har ikkje vore aktivitet i denne nemnda i år.



## ÅRSMELDING - Hardangerjol 2018

*Desse sat i skriftstyret før årsmøtet 2018:*

Leiar: Hans Edv. Olsen, Norheimsund  
Medlem: Anne-Marie Øydvin, Ulvik UL  
Medlem: Heidi Wallevik, Ulvik/Bergen  
Medlem: Vakant.  
Medlem: Vakant.  
Varamedl.: Vakant.

*Desse sat i skriftstyret etter årsmøtet 2018:*

Leiar: Hans Edv. Olsen, Norheimsund  
Medlem: Anne-Marie Øydvin, Ulvik UL  
Medlem: Sverre Kleivkås, Lofthus  
Medlem: Vakant.  
Medlem: Vakant.  
Varamedl.: Vakant.

### Hardangerjol

ved redaktør Hans Edv. Olsen og styret i HU:

I 2018 kom Hardangerjol ut med utgåve nr. 68 med 48 sider. Hefte vart trykt i «Norheimsund Trykkeri», etter at redaktøren fekk same gode tilbodet derifrå som året før. Han er svært nøgd med arbeidet Norheimsund Trykkeri gjer. Innehavaren av trykkeriet, Anne Berit Lysen Tjosås, er svært kreativ og samarbeidsvillig – heile tida med tanke på at resultatet skal bli så bra som mogleg.

Redaktøren har i si spalte i heftet nemnt følgjande:

«Nokre av annonsørane som me hadde rekna med, takka nei til å delta denne gongen, andre ville ha ei mindre annonse, men inntrykket er at det ikkje vart så verst likevel - til slutt. Det å skaffa annonsar er i alle fall eit svært tidkrevjande og vanskeleg arbeid, som me ikkje trur blir lettare i åra som kjem. Årsmøtet i 2018 fekk valt inn i skriftstyret ein person som fekk hovudansvar å skaffa annonsar til bladet.

I årets "Hardangerjol" vil de kanskje merka at me har dreidd innhaldet litt meir i litterær retning med m.a. ein ny sjanger i dette bladet – kriminallitteratur. Handlinga er lagt til kjende trakter i Kvam – med flotte verkemiddel henta frå postmodernisme og magisk realisme. På den andre ytterkanten kan de nyta ein innhaldsrik artikkel om kunstmålar Nils Bergslien, som faktisk skapte den ekte julenissen i norsk bildekunst. Forfattar Gro Holm frå Odde har enno mykje å fortelja oss og blir presentert i bladet saman med ein av dei mestskrivande

forfattarane i landet, Johannes Heggland frå Tysnes. Vestlandet sitt svar på Olav Duun.»

Elles i heftet er det mellom anna juletankar ved sokneprest Ølberg i Odda, aktualitetsstoff frå Fylkesstemna for born 2018 i Hordaland og info om Landsfestivalen i gammaldansmusikk i Kinsarvik 2019 og det pågåande samarbeidsprosjektet "Nøringen".

Hans Edv. Olsen tok seg av organiseringa av distribusjonen av juleheftet med god hjelp frå Aud Marcussen i Vikøy, og Lars J. Låte, Odda, slik att hefta var på utsalsstadane i god tid.

«Hardangerjol» 2018 vart sendt som helsing og takk for flotte bidrag til alle skribentane i heftet. Takk og til dei i bladstyret som har hjelpt til med å realisera juleheftet, kunstnaren Olav S. Tolo, annonsørane, Aud Marcussen, Lars J. Låte og Anne Berit Lysen i Norheimsund Trykkeri og dei andre medlemmane i skriftstyret som og ga uvurderleg hjelp til å realisera heftet.

# ARBEIDSPROGRAM for Hordaland Ungdomslag 2019.



## Visjon:

Hordaland Ungdomslag skal vera støttespelar, bindeledd og inspirator for den frilynte ungdomslagsrørsla i Hordaland.

## 1. AKTIVE UNGDOMSLAG I HORDALAND

Hordaland Ungdomslag (HU) skal i 2019 arbeida for å styrkje aktiviteten og engasjementet i ungdomslaga. HU skal vera ein synleg og positiv medspelar, og støtte ungdomslaga i deira arbeid med å skape levande lokalmiljø og gode aktivitetar.

### Dette vil vi oppnå gjennom å:

- 1.1. Betre kontakten mellom HU og lokallaga ved månadlege infoskriv, oppdatering av nettsidene og deltaking på Facebook.
- 1.2. Skipa til regionale samlingar med lokallaga.
- 1.3. Bidra med økonomisk stønad til lokallagsaktivitetar etter søknad.

## 2. BARN OG UNGDOM

Barn og unge skal gjennom ungdomslaget møte eit trygt og utviklande miljø med gode aktivitetar. HU skal arbeida for å styrkje ungdomslaga si satsing på barn og ungdom.

### Dette vil vi oppnå gjennom å:

- 2.1. Støtte opp om kurs for instruktørar og rettleiarar for barn og unge.
- 2.2. Vidareføre arbeidet med ein regional ungdomsring/dansesamlingar for Hordaland.
- 2.3. Arbeide aktivt med å finne arrangørar for framtidige fylkesstemne for barn.
- 2.4. Samarbeide om «Bygda dansar» i Hordaland saman med dei andre aktørane innan folkedans og folkemusikk i fylket.
- 2.5. Stimulera til ei tverrfagleg samling for ungdom i lokallaga, slik at dette kan vere ein møtestad der engasjert ungdom kan stifte nytt kjennskap og etablere eit nettverk for ungdom i fylket.

## 3. DET KULTURFAGLEGE ARBEIDET

HU skal vera ein kulturfagleg ressurs for ungdomslaga. HU skal spreie kunnskap om og styrkje det lokale arbeidet med amatørteater, bunad, folkedans og lagshus.

### Dette vil vi oppnå gjennom å:

- 3.1. Arrangere kurs for instruktørar og aktørar innan amatørteater.
- 3.2. Skipe til kurs eller seminar for bunadsinteresserte.
- 3.3. Skipe til kurs for instruktørar og utøvarar innan folkedans eller annan dans.
- 3.4. Kontakte inaktive lokallag for å få ei statusavklaring.
- 3.5. Delta i samarbeidsprosjekt innan folkedans med organisasjonar og andre innan dette feltet i Hordaland.

## 4. TILSKIPINGAR OG FASTE TILTAK

HU skal skape gode møteplassar for tillitsvalde, instruktørar og medlemmar. HU skal vidareutvikle dei faste tilskipingane og tiltaka. Vi arbeider for å være representert i samarbeids- og paraplyorganisasjonar.

### Dette vil vi oppnå gjennom å:

- 4.1. Skipe til kurs for dei ulike aktivitetane til HU.
- 4.2. Skipa til Fylkesstemna for born i juni 2019 i samarbeid med Sogn og Fjordane UL.
- 4.3. Oppfordre lokallaga å sende deltakarar på NU sine arrangement i 2019.
- 4.4. Gje ut juleheftet Hardangerjol.

# Hordaland Ungdomslag



## Rekneskap 2018 og budsjettforslag for 2019

SALSINNTEKT	Budsjett 2019	Rekneskap 2018	Budsjett 2018
Medlemspengar	145 000	144 720	135 000
Tilskot	80 000	56 686,50	55 000
Kurs/seminarer	0	6 594	0
Momskompensasjon	10 000	9 099	0
Fylkesstemna for born *	15 000	50 600	0
Andre salsinntekter	5 000	6 044	0
<b>Sum salsinnt.</b>	<b>255 000</b>	<b>273 743,50</b>	<b>190 000</b>
<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>255 000</b>	<b>273 743,50</b>	<b>190 000</b>
<b>ANDRE DRIFTSKOSTNADER</b>			
Kurs/Seminar HU	20 000	4 523,70	20 000
Bygda dansar Hordaland	10 000	0	0
Møteutgifter **	35 000	49 331,54	35 000
Representasjon	10 000	1 400	10 000
Fylkesstemna for born ***	70 000	8 866,50	25 000
Sommarleir NU	13 000	12 538	13 000
Støtte til lokal barne og ungdomsaktivitet v/søknad	35 000	24 000	35 000
Leige lokalar ****	15 000	78 043	15 000
Forsikring	2 000	1 433	2 000
Varer		5 497,65	0
Andre driftskostnader	30 000	6 051	30 000
Lønskostnader/honorar	15 000	5 000	5 000
Ny Internettside	0	0	0
<b>Sum driftsutgifter</b>	<b>255 000</b>	<b>196 684,39</b>	<b>190 000</b>
	<b>255 000</b>	<b>196 684,39</b>	<b>190 000</b>
<b>Sum driftsresultat</b>	<b>0</b>	<b>77 059,11</b>	<b>0</b>
<b>Renteinntekter bank</b>	<b>0</b>	<b>205,72</b>	<b>0</b>
<b>Underskot/Overskot</b>	<b>0</b>	<b>77 264,23</b>	<b>0</b>

\* **Eigendel og utleige buss Fylkesstemna for born 2019:** kr 15 000,-.

\*\* **NU lands- og -rådmøte:**

Dekking av utgifter for HU sine deltakarar: kr. 20 000,-.

+ Andre møteutgifter gjennom året: kr. 15 000,-.

\*\*\* **HU-støtte tilskipar: kr 10 000,- / tilskot Hfk kr 30 000,- / leige busstransport frå Hordaland kr 30 000,-.**

\*\*\*\* **Leige lokalar Fylkesstemna for born 2018: kr 51 550,-.**

## HORDALAND UNGDOMSLAG 2018

Rekneskapen for HU er kontrollert. Sjølv om det manglar nokre føringar av renter og avstemmingar mot Hardangerjol, syner resultatet eit overskot som vert å legge til eigenkapitalen. Det er ingen skatte- eller mons-pliktige transaksjonar. Leverandørgjelda er akseptabel. Lønn ligg innanfor skattefrie grense.

Balansen syner at det er uteståande fordring på kr 468.085 der det meste skuldast at HU har forskottert alle utlegg for trykking av Hardangerjol dei tre siste åra, men dette er sikra med bankinnskott som reknskapsfører nyleg har fått tilgang til (sjå revisjon av Hardangerjol). Likviditeten er svært bra, og etter at Hardangerjol er oppgjort, vil laget ha om lag kr 800.000 på konto.

Det er ikkje lagd fram liste over aktive medlemslag, men dette vert ført gjennom NU sitt medlemssystem.

Det finst to konti i Nordea som gjeld nedlagde lag der HU tryggjer eiga:

- 6501.66.04628 Skånevik UL: ca. kr 83.000 Styret har vedteke å overføre dette til lokalt ungdomsarbeid Skånevik. Dette er framleis ikkje gjort.
- Konto 6504.66.70846 Folkedansgilda i Bergen: ca. kr 44.000. Det har tidlegare vore påpeikt at det må setjast i gong ein prosess med å føre midlane tilbake til dei laga som stod bak gildet.

Vi ber om at desse bankkontoane vert førde inn balansen for 2019. Samstundes må ein rydde opp i kontolista der kontoi Hardanger Sparebank (kr 29.721), konto i Fana Sparebank (kr 1000 og Nordea skattetrekkskonto (kr 119) truleg ikkje lenger eksisterer. Kasse er oppført i balansen med kr 487, men ingen veit kvar denne er. Vi ber om at dette vert tapsført mot eiga.

Saknar ei inventarliste som viser kva laget eig utover fane, faneflagg og festskrift som står i balansen. Vi får opplyst at laget m. a. har

- 1 stasjonær, gammal PC på kontoret (data bør sikrast før skroting)
- 1 lap-top PC på kontoret
- 1 lap-top PC til lagsleiar
- 1 Xerox multiprinter på kontoret
- Stor samling arkivmateriale på kontoret

Rekneskapen er greitt førd, og revisjonen tilrår at den framlagde rekneskapen vert godkjend av årsmøtet i Hordaland Ungdomslag.

Bergen 11.3.2019

  
Halvor Røyset

## HARDANGERJOL 2017

Rekneskaperen for Hardangerjol går frå  
1.10.2017 til 30.9.2018

for å få denne avslutta før neste blad vart trykt i 2018. Der står igjen nokre avstemmingar mellom HU og jolabladet.

Rekneskaperen syner no eit overskot på om lag kr 1.784 som er vesentleg mindre enn tidlegare år. Dette vert å legge til eigenkapitalen.

Det har teke altfor lang tid å gi rekneskapsførar tilgang til bankkontoane, men det er nyleg ordna. Derfor er alle rekningar dei tre siste åra betalte av HU. Likviditeten i jolabladet er god slik at kravet er sikra pr. 11.3.2019:

Konto 3450.05.16104                      kr 394.255  
Konto 34950.18.02923                      kr 71.020  
I tillegg kjem no innbetaling for lysingar for 2018

I 2017 skulle det innførast nye rutinar der alle utleverte blad til seljarar vart fakturerte før 31.12. Dette vart ikkje gjennomført. Sidan seljarane ikkje leverer tilbake uselde blad, har vi ingen reell kontroll på salet og må berre stole på ærlege seljarar.

Revisjonen tilrår at den framlagde rekneskaperen for Hardangerjol 2017 vert godkjend av årsmøtet i Hordaland Ungdomslag.

Bergen 11.3.2019



Halvor Røyset

	2017	2016			
<b>Inntekter:</b>			<b>Utgifter:</b>		
Sal Hardangerjol	60,200,00	72.230,00	Prov. Sal	12.160,00	13,420,00
Sal lysingar	27.400,00	29,340,00	Andrekostnader	17.056,00	3,056,00
<u>Andre inntekter</u>	<u>4,800,00</u>	<u>00,00</u>	Trykking	61.608,00	60.785,00
Renteinnt.	358,00	96,00	Kontorrekvisita	750,00	00,00
<u>Sum</u>	<u>92.758,00</u>	<u>102.530,00</u>	Telefon	750,00	00,00
			<u>SUM</u>	<u>90,974,00</u>	<u>77.261,00</u>
			<u>Overskot</u>	<u>1.784,00</u>	<u>25.269,00</u>
			<u>SUM</u>	<u>92,758,00</u>	<u>102,530,00</u>



## Val 2019

<b>STYRET</b>		<b>Lokallag</b>
<b>Leiar</b>		
1	Ny – 1 år	
<b>Styremedlem – 4 personar</b>		
Hilde Jordahl	Attval – 1 år	Åsane UL
Oddrun E. Larsen	Attval – 1 år	Strilaringen
Øystein Rambjørg	Ny – 2 år	Strilaringen
Lisbeth T. Liland	Attval – 1 år	Fana UL
<b>Barn og ungdom: 2</b>	Ny – 1 år	
<b>Varamedlem – 2 personar</b>		
Malin R. Jørgenvik	Attval – 1 år	Lindås UL
3	Ny – 1 år	
<b>BARNE- OG UNGDOMSNEMNDA</b> (medlemar i aldersgruppa: 14 – 26 år)		<b>Lokallag</b>
<b>Leiar</b>		
2	Ny – 1 år	
<b>Medlem – 2 personar</b>		
Maria Margreta Nordås	Attval – 2 år	Bergen UL Ervingen
Ida Haugen Skulstad	Ikkje på val – 1 år att	Nordbygda UL
<b>Varamedlem – 1 person</b>		
Malin R. Jørgenvik	Attval – 1 år	Lindås UL
<b>SKRIFTSTYRET FOR HARDANGERJOL</b>		<b>Lokallag</b>
<b>Leiar</b>		
4 Hans Edv. R. Olsen??	Attval?? – 1 år	
<b>Medlem – 4 personar</b>		
Aud Marcussen	Ny – 2 år	Vikøy
Anne-Marie Øydvin	Ikkje på val – 1 år att	Ulvik UL
Sverre Kleivkås	Ikkje på val – 1 år att	Lofthus
5	Ny – 2 år	
<b>Varamedlem – 1 person</b>		
6	Ny – 1 år	
<b>HARDANGER FOLKEMUSIKKSAMLING</b>		<b>Lokallag</b>
<b>Medlem – 1 person</b>		
6	Ny – 2 år	

<b>Varamedlem – 1 person</b>		
7	Ny – 1 år	
<b>ETTERSYNFOLK</b>		<b>Lokallag</b>
<b>Medlem – 2 personar</b>		
Halvor Røyset	Ikkje på val – 1 år att	Bergen UL Ervingen
8	Ny – 1 år	
<b>VALNEMND 2019</b>		<b>Krins</b>
<b>Leiar</b>		
9	Ny – 1 år	Bjørgvin? / Nordhordland? / Sunnhordland?
<b>Medlem – 2 personar</b>		
10	Ny – 2 år	Voss?
11	Ny – 2 år	Hardanger/Midthordland? / Indre Hardanger?

**Utsendingar til landsmøte i Noregs ungdomslag:**

Ida Haugen Skulstad frå Barne- og ungdomsnemnda. Styret får fullmakt frå årsmøtet til finne fleire utsendingar.